

Ein ekta bulkabukk

Der står kronhjorten framfor meg i all si muskuløse prakt mellom snødekte tre. 12 taggar på gevret og ein kropp på ca 200 kg gjer inntrykk i den vakre vinterskogen.

Eg har vore her i ein lita skog ved Bullen tallause gonger. Skogen er som mange liknande stader i Voss med bratte skråningar inn mot opne grønde innmarksområde.

Dette er ynda plass for hjorten å leva om vinteren med lett tilgang til mat. Alltid ser eg ferske spor der han har grave fram gras under snøen på bukkane eller beita på gamle restar av rundballeheiy. Ofte har eg sett berre smarten av han der han stikk av gårde og er borte. Hjorten er eit skammingsdyr som held seg skjult på dagtid.

TRE ØYR SAMMEN. Denne gongen møter eg han i full dagslys. Oppe på ein haug i skogen ser eg eit stort gevir som stikk fram. Ver og vind er gunstig og eg kjem meg innpå.

Ca 30 m unna meg ligg ein fantastisk flott kronhjort og tygg drøv og løvler. No ser eg endå ein liggjande like ved og så kjem ei kolle (hodyr) spaseraende. Brått reiser dei seg og er på vald, har dei oppdaga meg? Dei går litt omkring og speidar og eg får verkeleg stadert dei to store bukkane med 10 og 12 taggar på gevira.

Så trekkjer dei seg lengjer innover i skogen og vert borte. Eg har fått ein halvtimes oppleving og bilete av hjort som eg aldri kjem til å glemma.

RESERVIVAUKE. Runa frå Skipsheberena i Vaksdal kommune viser at hjort utgjorde ein vesentleg del av føda for dei som heldt til der for ca 7000 år sidan. Det har vore spekulert på åma-

kene til den store auken i hjortestamma på Vestlandet. Regulering av jakttida og fråvar av naturlege fiendar er noko av årsaka. Det viktigaste er sannsynlegvis at busdyrbeiting i skog og mark er mykje mindre enn før, og at det er mykje meir mat til rådrette for hjorten.

I fytje opplysningar frå eldre jaktstatistikk vart det frå 1892 og fram til krigsutbrotet i 1940 sko-

te mellom 10 og 40 hjortar for året i Hordaland. I 1957 vart det for første gong skote over 100 dyr og i 1976 vart det felt heile 1042 hjortar. Etter den tid har det berre gått ein veg og i 2007 vart det felt heile 4958 hjortar. Bestandsverdien av kjøvverdien frå hjortejakta i 2007 var rekna til om lag 14,6 mill. i Hordaland.

SVEINUNG KJØVE | telet og foto

FAKTA | HJORT

Ein hjortebukk veg ca 120-150 kg, men kan koma opp mot 235 kg. Kollene (hodyr) veg 80-120 kg. Brunst og paring er i oktober, då ein kan høyra kraftige brøl frå bukkane. Hjorten gjer skade i hagar, på frukttrær og skog. Han lagar hol i rundballar. Hjorten er svært sky og forsvarn ved den minste mistanke om fare. Bukkane utviklar gevir som blir i snitt ein halv meter langt. Dei fellar det på våren. Hå vaksne bukkar formar gevret seg som ei krone, noko som gjev disse bukkane tilnamnet kronhjort. Voss er ein av dei største hjortekommunane i fylket. Det vart skote 470 hjortar på Voss i 2008.



12 TAGGAR KRONHJORT
PÅ CA 200 kg er litt av
ei oppleving
i vinterskogen.



SJELDSYNT:
Ein 12 taggar, ein 10 taggar
og ei kolle inne i skogen.
Eit sjeldant syn å sjå
samstundes.